

## PROTOKOLL FRÅ VALSTYRET I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

Valstyret blei oppnemnd av styret i Sjukehuspoteke Vest HF i møte den 3. oktober 2018, og har hatt følgjande samansettning:

- leiar: Linda Baug Tjore
- nestleiar: Marit Ceselie Svendsen
- medlem: Berit Beate Berntsen

### Retningslinjer for gjennomføringa av valet

Valstyret vedtok følgjande retningslinjer for gjennomføring av val:

1. Alle kunngjeringar om valet skal skje elektronisk
2. Valet skal skje ved postsending
3. Valet skal skje den 13. februar 2019
4. Krav om forholdstalsval må vere valstyret i hende innan 2. januar 2018
5. Listeforslag må vere valstyret i hende innan 23. januar 2018
6. Plan og materiell for valet blir lagt fram for valstyret for godkjenning
7. Forskriftene skal vere tilgjengelege på nettsidene: [www.helse-vest.no](http://www.helse-vest.no)

Kunngjering om val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Sjukehuspoteke Vest er utført i samsvar med valforskrifta og har skjedd elektronisk på nettet.

Krav om forholdstalsval blei rettidig motteke innan fristen den 2. januar 2019 fra Norges Farmaceutiske Forening (NFF) og Farmasiforbundet/Parat (FF/Parat), jf. forskrifta § 5 og § 10.

Kunngjering om forholdstalsval i Sjukehuspoteke Vest HF er utført elektronisk innan fastsette fristar.

### Lister

Følgjande valliste blei tatt i mot i samsvar med forskrifta, og innan forslagsfristen gjekk ut:

1. Gunvald Iversen, Sjukehuspoteket i Bergen, apotektekniker
2. Marit Jacobsen, Sjukehuspoteket i Haugesund, reseptarfarmasøy
3. Marianne Saugestad, Sjukehuspoteket i Bergen, avdelingsleder

Varamedlemmar:

1. Ragnhild Wimun, Sjukehuspoteket i Stavanger, apotektekniker
2. Siri B. Bjørhovde, Sjukehuspoteket i Haugesund, provisorfarmasøy
3. Marianne Heggø Hansen, Sjukehuspoteket i Bergen, kontrollfarmasøy
4. Nina Haakonsen, Sjukehuspoteket i Bergen, apotektekniker
5. Espen Frøvold, Sjukehuspoteket i Bergen, provisorfarmasøy

Valstyret fekk tilsendt berre ei liste innan fristen.

Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

*"Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende."*

### Funksjonstid og møteplikt

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2019, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre han/ho har lovleg forfall.

Resultatet av valet går fram av denne protokollen. Resultatet av valet blir med dette omgåande meldt til leiinga og styret i Sjukehusapoteka Vest ved original signert protokoll. Valet vil også bli kunngjort på Sjukehusapoteka Vest sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Det finst dokumentasjon for alle kunngjeringane som er nytta for heile prosessen.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen, slik som avtala på førehand.

Valstyret, 24. februar 2019



Linda Baug Tjore  
Leiar



Marit Ceselie Svendsen  
Nestleiar



Berit Berntsen  
Medlem